



Bjørn Olav (omtrent midt i bildet) like etter starten frå Geitadalstind. (Foto: Christian Engelhardtzen)

Blir utforrennet "Nåso utfor" på Uskedalssida av Ulvanåso ein ny klassikar?

Det er nok lite truleg, men det er i hvert fall ei frisk ferd frå toppen av Geitadalstind og nesten ned til Lågånåso. Ein som til fulle kan bekrefte det er uskedelingen Bjørn Olav Tveit, som har køyrt "løypa" fleire gonger. Det skjedde sist 2. pinsedag.



Siren og Hedda på veg ned att saman med labradoren Lauritz. (Foto: Christian Engelhardtzen)

Då kleiv han til topps saman med turkameraten Christian Engelhardtzen og Hedda von der Lippe frå Oslo, sambuaren Siren Simonnes og labradoren Lauritz, men det var berre Bjørn Olav som nytta ski på nedturen. Han er ikkje tidlegare alpinist, men svært glad i å stå på ski

- Kan ein seia at "Nåso utfor" er ei dristig, men ikkje dumdristig ferd?
 - Jau, det er heilt korrekt. Ein lyt halda seg i snørennene og vera ytterst varsam så ein ikkje kjem borti nokre av steinane som ligg og lurar både her og der. Og så må ein sjølv sagt vera varsam så ein ikkje fell og kjem borti steinane av den grunn.
- Medan starten skjer på meir enn 1200 meters høgd (Geitadalstind er 1.230 meter), må ein ta av seg skia rundt 600 meter over havet.
- Etter start går det verkeleg unna med eit fall på rundt 50 grader som etter kvart går over i 40-45 grader. Så blir terrenget nokonlunde "normalt", fortel Bjørn Olav etter den friske ferda.

Av Ola Matti Mathisen



Det er eit fantastisk rundskue frå toppen av Geitadalstind. Bjørn Olav til venstre, Siren Simonness og Hedda von der Lippe. (Foto: Christian Engelhardsen)